

<b>1000 Rådmann</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	1 849'	5 570'	33 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>5 833'</b>	<b>11 862'</b>	49 %	

Ansvar	Teneste	Tenesteområde	Kommentar
1000 Rådmann	Oppsummering:		Ligg an til å halde budsjettet. Overforbruk på drift knytt til rekruttering vil bli dekket av lønsbudsjett som ikkje blir brukt pga vakante stillingar
	1000	Politisk styring	Innafor budsjett, men overforbruk til gåver og blomar som ikkje er budsjettert
	1002	Val	Her kjem dei fleste utgiftene i juni til oktober 2023.
	1200	Administrasjon	106 000,- til IKT utstyr som er feilført, som skal på ansvar 1205. Innsynskrav frå pressa der kommunen måtte ha juridisk bistand på 11000,- som det ikkje var budsjettert for. 120 000,- til rekruttering (kampanje) og bistand til rekruttering (180 000,- x 2 kommunalsjefar) som det ikkje er budsjettert for, men som dekkjast opp av ubrukte lønsmidlar i 2023 (tilsetning 1. oktober)
	1201	Personalavd	Balanse
	1202	Økonomiavdeling	Mindre support frå Visma. Framleis vakant stilling som lønnsmedarbeidar. Ligg godt under budsjett (25 %). Det er leigd inn hjelp på økonomi frå firma
	1203	Fellestjenester	39 % av budsjettet er nytta.
	1204	Oppfølging personalplan	Underforbruk
	1205	IKT	Forskotsbudsjettering frå IKTNH gjer at a-konto faktura for 2. tertial allereie er ført i rekneskapen vår.
	1700	Årets premieavvik	Kjem ved årsslutt
	1710	Amortisering av premieavvik	Kjem ved årsslutt
	1802	Eldreråd	Ingen midlar avsett i budsjett er brukt
	2311	Ungdomsråd	Ingen midlar avsett i budsjett er brukt
	2331	Bedriftshelseteneste	Lite overforbruk (40%)
	3250	Tilretteleggjing og bistand for næringslivet	Summen på 20 000,- er ikkje brukt til no
	3255	Reiseliv	Overforbruk, ca. 10 000,- over budsjett på 80 000,-. Midlane har godt til Fedje Landhandleri (turistinformasjon), kjøp av foto og til regionrådet/biosfærearbeidet
	3900	Den norske kyrkja	Ingen midlar avsett i budsjett er brukt. Utgifter kjem seinare på året

3920	Tilskot tru- og livssynssamfunn	Går ut frå 010121 pga. ny lov der alle tilskot vert utbetalt av Staten.
------	---------------------------------	---

<b>1100 Kulturtenester</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	501'	1 590'	32 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>649'</b>	<b>1 982'</b>	33 %	

Ansvar	Teneste	Tenesteområde	Kommentar
1100 Kulturtenester	Oppsummering:		Ligg an til å halde budsjettet
	2312	Ungdomsklubb	36 % av budsjettet er nytta.
	3650	Kulturminneforvaltning	Her kjem utgiftene seinare på året. Ingenting av budsjettposten på 10 000,- kr er nytta så langt i 2023.
	3700	Bibliotek	43 % av budsjettet er nytta. Det er nokre avgifter som er betalt i starten av året, som er avgifter for heile 2023. I tillegg er det litt vikarbruk i høve studie for biblioteksjefen.
	3750	Museum	Vert betalt på slutten av året. Har framleis avtale med kulturvernseteret i Hordaland.
	3812	Fleirbrukshall	Har fått inn litt meir inntekter enn budsjettet.
	3830	Kulturskule	42 % av budsjettet er nytta. Det kjem ein del utgifter mot slutten av året, men og inntekter på brukarbetaling. Kulturskulen har i år mange fleire elevar enn det har vore tidlegare.
	3850	Andre kultur aktivitetar	17% av budsjettet er nytta.

<b>2000 Levekår</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	576'	1 654'	35 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>613'</b>	<b>2 315'</b>	26 %	

Ansvar	Teneste	Tenesteområde	Kommentar
2000 Levekår	Oppsummering:		Ligg godt an til å halde budsjettet – bortsett frå teneste 2320 og teneste 2413
	1200	Administrasjon	Balanse
	2320	Førebygging-helsestasjon og skulehelseteneste	Avtalen med Austrheim kommune vart underskrevet etter at budsjettet 2023 var vedteke. Det er eit meirforbruk på kjøp av teneste på kr 250 000,-
	2321	Jordmorteneste	Meirforbruk – grunna auka kostand på tenesta (avtale med Austrheim kommune)

	2333	Teknisk hygiene ingeniør	Ingen budsjett på denne posten
	2334	Anna førebyggjande helsearbeid	Salto, Krisesenteret i Bergen og NOK Bergen er utgifter her. Dette er avtalte utgifter – balanse
	2411	Fysioterapi	Balanse
	2413	Ergoterapi	Meirforbruk – grunna auka kostand på tenesta (teneste me kjøpar frå Austrheim kommune)

<b>2100 Skule</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	5 657'	14 319'	40 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>4 985'</b>	<b>13 211'</b>	<b>38 %</b>	

Ansvar	Teneste	Tenesteområde	Kommentar
2100 Fedje skule	Oppsummering:		Ligg an til å halde budsjettet, men lønsutgiftene er noko høge.
	2020	Grunnskule	<p>Utgifter til løn ligg noko høgt. Det vart oppretta ei konsulentstilling grunna tettare oppfølging på barnetrinn og SFO om lag på 90%. Desse utgiftene er ført under post 12700. Dette er om lag 240.000,-. Lønsutgiftene er og høge grunna sluttpakke. Utgifter til juridisk bistand er og ført her.</p> <p>Nokre av lønsutgiftene vert finansiert av tilskot frå BUFDIR og UDIR (Skulelos og vidareutdanning). Skulen har teke i mot 9 flyktningar frå 1.-10.kl. Dette har resultert i auka lønsutgifter. Ein bør difor auke budsjettet for å dekkje inn desse utgiftene med kr 550.000 for heile året.</p> <p>Utgiftene til undervisningsmateriell er ujamt fordelt gjennom skuleåret, og størstedelen av utgiftene kjem ved skulestart. Dette gjeld og for utgifter til lisensar, leasing /kjøp av inventar og utstyr.</p> <p>Utgifter til vikarar, både interne og eksterne er høgt. Kan sjåast i samband med sjukelønsrefusjonen.</p> <p>Reiseutgifter etter rekning er og høg. Dette skuldast ekskursjon Polen/Tyskland. Her ligg det midlar på fond som skal dekkje delar av desse, i tillegg til foreldrebetaling.</p> <p>Refusjonar frå staten/refusjon frå andre kjem dei fleste av desse inntektene etterskotsvis</p> <p>Det vi veit kjem er: Frikjøp HTV 110 000,- Statleg overføring - oppfølgingsordninga 350.000,-</p>
	2021	Den kulturelle skulesekk	Det er ikkje ført noko på denne posten, verken inntekter eller utgifter.
	2130	Vaksen-opplæring	<p>Elevtalet på vaksenopplæringa har auka jamt og ein har difor måtte auke stillinga frå 50% til 60%. Budsjetterte lønsutgifter kjem likevel til å gå i balanse. Staten yter 45000,- pr. flyktning til norskopplæring i eitt år. Til hausten vil dei fleste flyktningane ha brukt opp sitt år, og me ser at dette er for lite. KS har teke dette opp med staten, men</p>

		vidare finansiering er framleis uavklart. Dette bør det jobbast politisk med
2150	Skulefritidsordninga	Synkende elevtal gjennom vinteren/våren. Foreldrebetalinga har gått ned. Me har auka bemanninga med om lag 7,5 timar i veka med ukrainsk ressurs. I tillegg har me auka bemanning grunna tettare oppfølging med totalt 8 timar (desse vert fakturert under grunnskule – teneste konsulent). Totalt utgjir dette til saman ca 40% stilling.

2200 Barnehage	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	1 586'	4 006'	40 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>1 662'</b>	<b>4 148'</b>	40 %	

Ansvar	Teneste	Tenesteområde	Kommentar
2200 Barnehage	Oppsummering:		Auke i bemanning gjer eit meirforbruk
	2010	Barnehage	<p>Det er alltid utfordrande å vere heilt sikker på kor mange born det blir i barnehagen til ei kvar tid. Vedtektene til barnehagen presiserer at «bemanninga i barnehagen skal tilpassast inntaket til ei kvar tid.»</p> <p>Grunna jamn auke i barnetalet, og born på venteliste, måtte barnehagen auke bemanning januar 2023. Dette medførte at me har, og vil ha ei auke i lønnsutgifter ut året. Barnehagen auka bemanninga med 1 årsverk frå og med 1. januar, og ein bør derfor auke budsjettet for å dekkje inn denne stillinga. Dette vil utgjere 640.838,- (inkl pensjon og aga). Barnetalet vil mest sannsynleg gå noko ned til hausten 2023. Til hausten vil ein tilsett gå ut i eit års ulønna permisjon, og stillinga vil stå vakant så lenge barnetalet går ned (dei går over til skule).</p> <p>Slik utviklinga har vore til no reknar me med at me vil ha ei jamn og positiv utvikling framover, og utgiftar til løn vil auke i 2024 for å støtte lovkrav om tal born/tilsette</p>

<b>2300 Pleie og omsorg</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	6 916'	18 560'	37 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>8 016'</b>	<b>18 974'</b>	42 %	

<b>Ansvar</b>	<b>Teneste</b>	<b>Tenesteområde</b>	<b>Kommentar</b>
2300 Pleie og omsorg	Oppsummering:		Dårleg bemanningssituasjon med rekrutteringsvanskar og lite tilgang til vikar og behov for vikarbyrå førar til meirkostnadar som vert ein utfordring for å halde budsjettet.
	2341	Psykisk helse, RUS & dagsenter	Negativ balanse. Meirforbruk innan løn. Feilbudsjettet
	2340	Aktivisering og servicetenester til eldre og personar med nedsatt funksjonsevne	I balanse.
	2530	Helse og omsorgstenester i institusjon	Lønnsutgifter er høgare enn budsjettet sidan mangel på sjukepleiar krev at pleie- og omsorgsleiar har mange av beredskapsvaktene på lik linje som dei andre gjenverande sjukepleiarane. Auke av lønn
	2531	Pleie og omsorg i institusjon	Interne stillingsauke er årsak til at lønnsutgifter er høgare enn budsjettet for. Dette er gjennomført fordi fleire ønskjer å auke stillinga si, og sjukeheimen har lagt om turnusprogram til årsturnus. Til tross for dette er det i periodar svært vanskeleg å kunne stettje grunnbemanninga, og difor er det høge vikar- og overtidskostnadar. Det er ujamne brukartal og meir korttidsopphold dermed er inntektene lågare enn venta.
	2533	Kompetanseløftet	
	2534	Dagsenter	Dagsenter vert budsjettet og rekneskapsført under 2341.
	2541	Heimesjukepleie	Må sjåast i samanheng med sjukeheimen, men er i positiv balanse.
	2542	Praktisk bistand	I balanse. Brukartal har stega, men resterande arbeidstid vert brukt på sjukeheimen.
	2543	Tilskot. Psykisk utviklingshemma	Ikkje i bruk da ingen brukarar.
	2343	Tryggleiksalarm	I balanse.

<b>2500 Legetenester</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	2 320'	5 728'	40 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>2 194'</b>	<b>5 848'</b>	38 %	

<b>Ansvar</b>	<b>Teneste</b>	<b>Tenesteområde</b>	<b>Kommentar</b>
2500 Legetenesta	Oppsummering:		Ligg an til å halde budsjettet
	2330	Miljøretta helsevern	Utgifter til drifta av legekantoret – meirforbruk
	2410	Diagnose, behandling, rehabilitering	Utgifter til drift av legevakt – balanse

<b>2600 Sosialtenester</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	1 213'	4 347'	28 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>2 361</b>	<b>8 228'</b>	29 %	

<b>Ansvar</b>	<b>Teneste</b>	<b>Tenesteområde</b>	<b>Kommentar</b>
2600 Sosiale tenester	Oppsummering:		Ligg an til å halde budsjettet. Alver kommune har ikkje fakturert for barnevern, difor lågt forbruk
	2332	Edruskapsvern	Mindreforbruk grunna alt for få utført skjenkekontrollar, Fedje kommune har tidlegare kjøpt tenesta hjå Alver kommune. Fedje kommune har no tilsett egne kontrollørar for kontroll frå 01.06.2023.
	2340	Aktivisering og servicetenester til eldre og personar med nedsett funksjon	Utgift til Aufera - balanse
	2420	Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	Ingen budsjett på denne posten
	2440	Barnevernteneste	Balanse
	2510	Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barneverntenesta	Balanse
	2520	Barnevernstiltak når barnet er plassert av barneverntenesta	Balanse
	2750	Introduksjonsordninga	Balanse
	2760	Kvalifiseringsordninga	Kommunen er pliktig til å budsjettere ein sum til brukarar for ordninga – ikkje nytta i 2023
	2810	Ytingar til livsopphald	Balanse

<b>3000 Teknisk kontor</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	1 148'	2 854'	40 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>1 579'</b>	<b>2 760</b>	<b>57 %</b>	

<b>3100 Kommunale bygg</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Forbruk	Prognose
Løn m/refusjon	386'	1 772'	22 %	
<b>Driftsramme</b>	<b>1 210'</b>	<b>6 076'</b>	<b>20 %</b>	

<b>Ansvar</b>	<b>Teneste</b>	<b>Tenesteområde</b>	<b>Kommentar</b>
3000 Teknisk kontor 3100 Kommunale bygg	Oppsummering:		Teknisk kontor har ei stilling ubesett. Vi har kjøpt inn tenester frå andre kommunar og frå private for å kunne yte tenester som vi er lovpålagt å levere, mellom anna innan byggesak. Gebyrregulativet for 2024 må justerast opp på alle områder slik at det går i 0 (sjølvkost)
	Løn:		Ok. Stilling som kommunalsjef samfunnsutvikling står vakant
3000: Teknisk kontor	Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen		<p>Det er eit overforbruk på administrasjon (207 000,-). på over dobbelt av budsjett Det skuldast feilføring der løn skal førast på dei ulike ansvara.</p> <p>Utgifter til forsikring har auka, og ligg over budsjett.</p> <p>Det er utgifter til drift i kommunale bygg som barnehage, skule, sjukeheim (diverse utbetringar) som ikkje er budsjettert. Dette skuldast mellom anna krav om utbetring etter tilsyn. Dette vil gå i balanse utover hausten ved å utsette utbetringar som ikkje er akutte, og fokusere på sparing av straum (mellom anna vil bassenget være stengt i sommar).</p> <p>Det er satt av 70 000,- til byggesakshandsaming, og no ligg utgifta på kr 154 000,-. Dette skuldast at kommunen må leige inn byggesakskompetanse frå privat firma. Dette skal i følge sjølvkost gå i null, men gebyra er for låge til å dekkje dei faktiske kostnadane. Me er lovforplikta til å levere desse tenestene (innan frist), og desse utgiftene vil stige utover året til nyttilsett kommunalsjef samfunnsutvikling er på plass (1. oktober).</p> <p>Det ligg og eit lite overforbruk på kart og oppmåling, men her er gebyra heva, og me ventar å gå i null ved årsslutt.</p>





<b>4000 Finansiering</b>	Tertialrekneskap	Budsjett 2023	Andel
Skatteinntekter	5 963'	18 273'	33 %
Rammetilskot	17 740'	45 376'	39 %
Tilskot Flyktningtenesta	2 812'	8 256'	34 %
<b>Driftsramme</b>	<b>25 599'</b>	<b>71 289</b>	<b>36 %</b>

<b>Ansvar</b>	<b>Teneste</b>	<b>Tenesteområde</b>	<b>Kommentar</b>
4000 Finasiering	Oppsummering:		Me ligg an til å treff godt på budsjettet
	2830	Bistand til etablering og oppretthald av eigen bustad	Renteinntekter vert ført ved årsslutt
	8000	Skatt på inntekt og formue	1 % høgare enn på sam tidspunkt i fjor.
	8400	Statleg rammetilskot og generelle statstilskot	1 % høgare enn på sam tidspunkt i fjor.
	8500	Generelle statstilskot vedr. flykningar	Som forventa
	8700	Renter/utbytte og lån	Forventa 1 000' meir i utbytte frå BKK enn budsjettet.